

Hallo i nedslagsfeltet!

Ein lang fotballsesong gjeng mot slutten, og berre to heimekampar står att. I skrivande stund kjem eg rett frå ein 5-4 siger over Loddefjord. Vi spela eigentleg ingen god kamp, men viktig å vinne også på dårlege dagar. Vi låg under 4-2 midtvegs i 2.omg, men klarte heldigvis å snu kampen. Mest sannsynleg svært surt for Loddefjord som kjempar for å behalde plassen i 2.divisjon.

I dei siste kampane har eg blitt flytta lenger fram på bana enn eg eigentleg sjølv ynskjer. Men sidan kampane om plassane på laget er hard, så burde eg eigentleg berre vere glad eg får speletid. I favorittposisjonen min som høgre back må eg kjempe mot ei frå A-stallen som akkurat er blitt tatt ut på j16 landslaget. Men er ikkje heilt håplaust å få spele ving heller. Kjekt å få vere med meir offensivt, og mot Førde scora eg til og med eit mål. Det skjer ikkje så ofte!

Etter ein litt «down»-periode på trening med dårleg intensitet, har dette verkeleg blitt skrudd opp igjen. Kroppen min er konstant full av blåmerker. Men er vel slik det skal vere, kjekt med litt trøkk på trening!

Etter sesongslutt reknar eg med at vi får ei lita pause frå fotballen, før vi byrjar innandørs med futsal. Vi skal kanskje melde på eit lag i seriespel med futsal, så fotballpausa kan nok ikkje bli so lang sidan serien startar i november.



lilla kne

Eg har også fått merka at eg ikkje bur heime i trygge Velledalen lenger, men at Bergen er ein storby der ein må passe godt på sakene sine. Eg skulle berre sette vindauget på gløtt for å lufte medan eg tok meg ein rask dusj, men når eg kom tilbake var datamaskina mi borte. Utruleg kjipt! Håper dette var fyrste og siste gongen eg trengjer å anmelde noko til politiet.

Kanoturen eg skreiv om i sist blogg var ein suksess, med mykje kano- og kajakkpadling. Har også vore min fyrste tur på Ulriken saman med klassa.



Elles så gjeng dagane stort sett til skularbeid. Ein del av pensum er blant anna å lese ei rekkje stortingsmeldingar. Blir spanande å sjå om regjeringsskifte vil føre til store endringar i desse.

Har nyleg levert ei ganske stor oppgåve + framføring om eit helsefremmjande tiltak her i Bergen med fokus på ernæring. Gruppa mi valde å intervjuje ein mann som har starta bedrifta Cold Cat. Han produsera ein sunnare versjon av den tredisjonelle pølse i brød, der pølsa er bytta ut med varmrøykt ørret og brødet er grovare enn eit vanleg pølsebrød. Namnet på bedrifta er eit ordspel, sidan dei her i Bergen seier Hot Dog – ikkje pølse med brød (så nei, han serverar altså ikkje katt). Intervjuet var svært inspirerande og eg lærde mykje nytt. Kvifor er det eigentleg slik at på idrettsarrangement er det vanleg å kjøpe usunne produkt som brus og kake? Burde ikkje dette vere ein arena som tilbyr sunne alternativ? Dette er noko eg håper kan vere til inspirasjon for framtidige arrangement i mi heimbygd også!

For dei som har interesse av dette, kan ein lese meir om tiltaket Cold Cat her: www.coldcat.no



Eit ekstra pluss med å velje dette tiltaket var at vi på gruppa fekk produktet gratis. Hurra for gratis middag i to dagar! Det smakte forresten også veldig godt.

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 7

Ellen Marie Hole